

Pressemelding  
11.11.2015

## Kven får Språkprisen 2015?

Ein av desse forfattarane får Språkrådets språkpris 18. november.  
Prisen går i år til ein nynorskforfattar.

Alfred Fidjestøl, Kristin Fridtun, Erna Osland, Morten Sjøberg, Øyvind Vågnes og Einar Økland er dei nominerte til Språkprisen 2015.

Kvart år deler Språkrådet ut ein pris for framifrå bruk av norsk i sakprosa. Prisen blir delt ut annakvart år for bokmål og nynorsk. I år står nynorsk for tur. Prisen blir gjeven for einskildverk eller produksjonar frå dei siste fem åra og kan gå til personar eller grupper (institusjonar, bedrifter, organisasjonar).

- Lista over nominerte til Språkprisen 2015 viser at ein finn godt nynorsk språk i alle sjangrar av sakprosa, skriven av både yngre og eldre og kvinner og menn. Det er eit godt teikn for framveksten av den nynorske sakprosaen, uttalar juryleiar Kjartan Vevle.

### *Kontakt*

Anne Kirkhusmo, kommunikasjonssjef i Språkrådet, [anne.kirkhusmo@sprakradet.no](mailto:anne.kirkhusmo@sprakradet.no), tlf. 416 74 135  
Kjartan Vevle, juryleiar for Språkprisen, [kjartan.vevle@bibsentr.no](mailto:kjartan.vevle@bibsentr.no), tlf. 916 49 574

Vedlegg: Kortliste over nominerte til Språkprisen 2015